

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag 13. mai 2024 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leing av utvalsleiar Svein Terje Brekke.

<b>MØTESTED:</b>	Tysvær rådhus, formannskapssalen
<b>MØTESTART/SLUTT:</b>	Kl. 14.00 – 15.40
<b>MØTENDE MEDLEMMER:</b>	Svein Terje Brekke (Krf), Stig Hop (INP), Karsten A. Larsen (Frp) og Bodil Elvie Varpen Tunglan (Ap)
<b>MØTENDE VARAMEDLEMMER:</b>	Henning Bratthammer (SV)
<b>FORFALL:</b>	Åse-Berit Apeland Rollan (Sp)
<b>FRA SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Utvalssekretær Sjur Hatlen og dagleg leiar Odd Gunnar Høie - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRA ROGALAND REVISJON:</b>	Revisjonsdirektør Rune Haukaas t.o.m. sak 10
<b>FRA ADMINISTRASJONEN:</b>	Rådmann Sigurd Eikje og økonomisjef Meike Baumgart. Kommunalsjef Jorid Veia Isdal i sak 8
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Monica Lindanger til og med sak 10
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTEN:</b>	Sak 7 blei handsama etter sak 10

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 06/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.02.24**

##### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 19.02.24 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 13.05.24:**

Utvalet hadde ingen merknader. Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.05.24:**

*Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 19.02.24 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 07/24 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/ RÅDMANNEN**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 13.05.24:**

Rådmannen viste ein presentasjon og orienterte om administrasjonen sitt arbeid. Han informerte mellom anna om kommunen sitt arbeid med rekruttering, mottak av flyktningar, TK-2030, ny ungdomsskule og sjukefråvær. Medlemmene og rådmannen drøfta mellom anna tiltak knytt til sjukefråvær.

Rådmannen informerte kort om «Tysværleiararen», om kva forventningar kommunen har til sine leiarar.

Vidare orientert han om kommunens årsrekneskap. Resultatet var positivt med eit netto driftsresultat på 87.8 mill.kr. som utgjer 6,2 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er over kommunen sitt eige måltall på 4 %. Det er stor aktivitet i kommunen og utgiftene aukar meir enn inntektene.

Utvalet fekk svar på spørsmål underveis i presentasjonen.

Leiar takka for ein interessant presentasjon.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.05.24:**

*Tysvær kontrollutval tek rådmannen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.*

## **SAK 08/24 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT - «FØREBYGGING OG TIDLEG INNSATS»**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:**

Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisjonsrapporten om «Førebygging og tidleg innsats» til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 13.05.24:**

Leiar innleia og gjorde kort greie for saka. Han viste til den skriftlege tilbakemeldinga, som var vedlagt saka.

Utvalet var nøgd med rådmannen si tilbakemelding og hadde ingen særskilte merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.05.24 og innstilling til kommunestyret:**

*Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisjonsrapporten om «Førebygging og tidleg innsats» til orientering.*

## **SAK 09/24 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2023**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:**

Tysvær kontrollutval vedtar vedlagte uttale til Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2023 slik det ligg føre ( med desse endringane/tillegga).

Kontrollutvalet tilrår at Tysvær kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsberetningen for 2023.

### **Handsaming i kontrollutvalet 13.05.24:**

Revisjonsdirektør Rune Haukaas orienterte om revisjonen sitt arbeid og at det var avlagt såkalla rein beretning. Han viste ein presentasjon og orienterte om hovudtala i årsrekneskapen.

Kommunen har auka skatteinngang frå mellom anna eigedomsskatt, men og eit meirforbruk i tenestene. Av investeringsbudsjettet på 469 mill.kr. var det berre brukt 233 mill.kr.

Han gjorde greie for funn og merknader i de ulike delane av regnskapet. Revisor hadde nokre forslag til forbetringar.

Utvalet fekk svar på spørsmål underveis i presentasjonen og slutta seg til forslag til uttale.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.05.24 og innstilling:**

*Tysvær kontrollutval vedtar vedlagte uttale til Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2023 slik det ligg føre.*

*Kontrollutvalet tilrår at Tysvær kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsberetningen for 2023.*

## **SAK 10/24 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2023**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2023 og revisor si gjennomgang til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 13.05.24:**

Revisjonsdirektør Rune Haukaas orienterte om kontrollen. Revisjonen hadde kontrollert om vedtak for tildeling av særskilt tilrettelagte bustader tilfredstillar dei krav som stilles for legitimering av retten til å krevje mva-kompensasjon for slike bustader. Konklusjonen var positiv, det var 2 avvik av 11 stikkprøver, noko som utgjorde 18 %.

Utvalet stilte spørsmål og revisjonsdirektøren svara.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.05.24:**

*Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2023 og revisor si gjennomgang til orientering.*

## SAK 11/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 13.05.24

9. Statusrapport pr. mai 2024
10. KST-vedtak 20.02.24 – søknad av fritak, nytt varamedlem i kontrollutvalet
11. Henvending frå Tysvær Vektløfterklubb
12. Representantskapsmøte 19.04.24 – Haugaland brann og redning IKS
13. Representantskapsmøte 22.04.24 - Haugaland Kontollutvalgssekretariat IKS
14. Representantskapsmøte 26.04.24 – Haugaland Vekst IKS
15. Generalforsamling 24.04.24 – Haugaland Kraft AS

### **Handsaming i kontrollutvalet 13.05.24:**

Leiar og sekretæren gjorde greie for referatsakene. Kontrollutvalet går ikkje vidare med hendinga frå Tysvær Vektløfterklubb.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.05.24:**

*Referat- og orienteringssakene nr 9 – 15 blir tatt til orientering.*

### **EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte:** måndag 10.06.24, kl. 14.00

**Foreløpige saker:** orientering om helse og mestring, revisjonsrapport «Beredskap, hendingar og katastrofar», presentasjon av ROV-analyse og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Aksdal, 13.05.24

Svein Terje Brekke  
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen  
Utvalssekretær